



Anni Sundal
Haukelandsbakken 22 B
5009 BERGEN

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: Laila Bjørge 17.09.2021
Vår: 21/6814 - 21/62106 laila.bjorge@alver.kommune.no

Svar på spørsmål til landbruksveg godkjent i 1999

Kommunen har motteke spørsmål frå deg om ein landbruksveg som var godkjent i 1999. Eg skal prøva å svara på desse.

- 1) *Hadde Meland kommune lov til utfra* denne søknaden, å gje Sigurd Knudsen løyve til å riva ned steingarden vår, inklusiv eigedomsmærke frå utskiftinga i 1911? (Steingarden vår var ikkje omtala i den munnlege avtalen eg inngjekk med Sigurd Knudsen i 1999.)*

I saksutgreiinga som er datert 02.06.99 er steingarden nemnd som ein spesiell miljøverdi og at vegen vil gå gjennom denne. Det er skrive at ein må ta omsyn til steingarden der vegen går gjennom. Søknaden har i tillegg vore på høyring hjå Hordaland fylkeskommunen kulturavdelinga, og internt til lokal kulturavdelinga. Det er ikkje komen inn merknad til søknaden.

Omsynet til steingarden er vurdert og kommunen har gitt løyve til å byggja omsøkt veg gjennom steingard.

Me har ingen kjennskap til påstått fjerning av grensemærke og det vedkjem heller ikkje vurderinga om det skulle gjevast løyve til landbruksveg.

- 2) *Hadde Meland kommune lov til, utfra denne søknaden, å gje Sigurd Knudsen løyve til å byggja veg over vår eigedom? Utan å vita kva den munnlege avtalen gjekk ut på?*

I landbruksvegsaker heiter det seg at ein skal underretta dei som vert berørt at vegtiltaket. I denne saka har du signert på nabovarsel for Myravegen og du har ikkje komen med nokre merknader. Kva som du og Sigurd Knudsen har avtalt i tillegg har ikkje vore naudsynt for kommunen å vita for å ta stilling til søknaden.

Kommunen gir offentleg rettslege løyve i høve til lovverket me handsamar etter. Kommunen kan ikkje gje private rettar til å gjera ting på anna manns grunn. Det vil ofte vera slik at ein både treng løyve frå kommunen og frå grunneigar for å utføre tiltak. I dag skriv me dette inn i saksutgreiinga, men sjølv om ikkje det vart gjort i 1999 var det same reglar som gjaldt då. Når ein får nabovarsel har ein høve til å koma med merknader og det er ikkje komen inn noko i denne saka.

3) I søknaden ligg det to kart. Kven har teikna desse karta og kvifor har dei raude prikkar?

Eg kan ikkje svara på kven som har teikna desse karta. Prikkane var ein vanleg måte å markera t.d. ei veglinje på i den tida me brukte papirkart og svart kvitt kopi, slik at ein ikkje forveksla linjer i kartet med linjer i søknad.

Kartet i 1: 5000 trur eg viser dekningsområde for vegen. Dvs kva areal som ligg rundt som kan ha nytte av vegen. På søknadsskjema er det oppgjeve 26 daa jordbruksareal.

Tilleggsopplysningar. Det er vanskeleg å skjønna kva du spør om i brev nummer to. Du har lagt ved kopi av mappeslag og søknadsskjema, kart og vedlegg og det stemmer med slik som me arkiverte ting den gongen. Vedtaket er stempla og underskrive av undertekna og soleis originaldokument i saka. Det går og fram av vedtaket at det er sendt kopi til deg den gongen.

A U D L A K:

Lagsjet for kommunalavdeling for planseksjonen, gjev etter fullbrukt loyve til at saksak er:

Utbyggings- og vegbygd i fylkeskommune

- 1) Vegarbeidet må utførast så skansamt som mogleg, jf. Paragraf 1-1 i "forskrifter om planlegging og godkjenning av vegar og landbruksforemil"
- 2) Under arbeidet må ein vera merksam på lunn/konstruksjonar som kan knyte seg til kulturminne-foremil og rapportere dette til fylket sin kulturavdeling eller kommunen, jf. "Lov om kulturminner" § 2-2 b-d
- 3) Tidsfrist for bygginga vert sett til 3 år. Når vegarbeidet er ferdigbygd skal kommunen ha melding om dette

Retts utskrift

Dato:

Kopi til:

Sigmund Knutsen
Annar Sundal Hagøy
Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Mottakarar:

Mottakarar:
Anni Sundal

Haukelandsbakken 22 B 5009 BERGEN